

ALTERNATIV OPPLÆRINGSARENA

Bruk av alternative opplæringsarenaer i grunnskolen

Når ein eller fleire elevar får opplæring på ein annan stad enn på skolen sitt område, kallar vi opplæringsstaden ein alternativ opplæringsarena.

Offentleg grunnskoleopplæring

All offentleg grunnskoleopplæring skal vere i samsvar med opplæringslova med forskrifter og Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK2020). Opplæringslova § 2-3 opnar for noko fleksibilitet, når det gjeld bruk av andre opplæringsarenaer enn skolen, for elevane i ein klasse/ei basisgruppe i korte periodar. Denne regelen gir ikkje heimel for å gi enkeltelevar opplæring utanfor skolen eller klassen/basisgruppa. Heimel for og vilkår for bruk av alternativ opplæringsarena for enkeltelevar er nærmere omtalte i rundskriv Udir-3-2010 <https://www.udir.no/regelverk-ogtilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Innhold-i-opplaringen/Udir-3-2010-Bruk-av-alternative-opplaringsarenaer-igrunnskolen/>

Om nærskoleretten og organisering i grupper

Opplæringslova § 8-1 gir elevane rett til å gå på nærskolen. Denne retten gjeld også for elevar som har rett til spesialundervisning. Foreldre kan søkje om at ein elev kan få opplæringa si på ein annan skole enn nærskolen, jf. opplæringslova § 8-1 andre ledd. Det skal fattast vedtak om eleven si skoleplassering.

Alle elevar har rett til å høyre til ein klasse/gruppe, jf. § 8-2 i opplæringslova. Hovuddelen av opplæringa skal skje der. Klassen/gruppa kan ikkje delast inn etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. § 8-2 første ledd, andre punktum. Likevel kan lærarar dele inn elevane i større/mindre grupper etter behov, i delar av opplæringa. Inndeling i andre grupper skal ikkje gjerast i større grad enn at elevane sitt sosiale tilhøyr til klassen/basisgruppa blir tatt i vare.

Denne heimel gir ikkje høve til å ta ut enkeltelevar av klassen/gruppa for å gi opplæring på ein alternativ opplæringsarena. Det rettslege grunnlaget for bruk av alternative opplæringsarenaer for enkeltelevar, er reglane om spesialundervisning i opplæringslova § 5-1.

Bruk av alternativ opplæringsarena for enkeltelevar

Elevar som får opplæring på ein alternativ opplæringsarena, høyrer til nærskolen sin. Nærskolen har ansvar for opplæringa som blir gitt på alternativ opplæringsarena. Rektor på nærskolen har ansvaret for all opplæringa som blir gjennomført på den alternative opplæringsarenaen. Rektor skal ha god kjennskap til opplæringa som blir gitt der, og kontrollere at den blir gjennomført i samsvar med opplæringslova, forskrift til opplæringslov, vedtak om spesialundervisning og elevens individuelle opplæringsplan (IOP). Rektor må sikre eit nært samarbeid mellom nærskolen og den alternative opplæringsarenaen, slik at det er ein heilskap i opplæringa eleven får på alternativ arena og på skolen.

Elevar som ikkje har eller kan få, tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har rett til spesialundervisning. Opplæringstilbodet inkludert spesialundervisning skal ha eit innhald, slik at det samla tilbodet kan gje eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 andre ledd.

Dersom det går fram av den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta at bruk av ein alternativ opplæringsarena er nødvendig for at eleven skal få eit forsvarleg utbytte av opplæringa, opnar regelverket for dette under gitte vilkår. Det er omsynet til eleven, ikkje omsynet til skolen eller kommunen, som er avgjerande for bruk av ein alternativ opplæringsarena.

To vilkår må vere oppfylt om alternativ opplæringsarena skal bli brukt:

1. Det må gå fram av vedtaket om spesialundervising at bruk av alternativ opplæringsarena er nødvendig for å sikre eleven forsvarleg utbytte av opplæringa.
2. Det må liggje føre avtale mellom kommunen/skolen og tilbydar av den alternative opplæringsarenaen om hjelp til å gjennomføre spesialundervisninga.

Enkeltvedtak

Før det blir fatta vedtak om spesialundervisning, skal PPT som sakkunnig instans særskilt vurdere om ein alternativ arena er nødvendig, for at eleven skal få forsvarleg utbytte av opplæringa. Den sakkunnige vurderinga skal elles oppfylle krava i § 5-3 i opplæringslova.

Vedtaket om spesialundervisning må klart og tydeleg fastsetje kva opplæringstilbod eleven skal ha, jf. opplæringslova § 5-3. Vedtaket skal seie noko om eleven sitt behov og kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod. Dersom vedtaket set fast at ein elev skal få opplæring på ein alternativ opplæringsarena, må det stå i vedtaket kvifor dette er nødvendig for å gi eleven eit forsvarleg opplæringstilbod, og kva slags opplæringsarena som skal brukast.

Det skal også vurderast om tiltaket er til eleven sitt beste, jf. barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Dersom det ikkje er til eleven sitt beste at ho/han får delar av opplæringa ein annan stad enn skolen, skal ikkje ein slik arena brukast.

For meir om spesialundervisning, sjå

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>

Avtale med dei ansvarlege for den alternative opplæringsarenaen

Det må liggje føre ein avtale om bistand til gjennomføring av spesialundervisning mellom kommunen (skolen) og tilbydar av tiltaket. Det kan ikkje fastsetjast i avtalen at den alternative opplæringsarenaen tek over ansvaret for opplæringa. Det er skoleeigar som er ansvarleg, og ansvaret kan ikkje overførast. Den alternative opplæringsarenaen skal hjelpe skolen med å gjennomføre den opplæringa som er fastsett i vedtaket.

Kva innhald ein slik avtale bør innehalde, kan du lese meir om i *rundskriv Udir-3-2010*.

Det er viktig at avtalen ikkje er til hinder for at eleven når som helst kan trekke seg ut av tiltaket.

Elevar som får heile eller deler av opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena har også rett til

- forsvarleg tilsyn, jf. forskrift til opplæringslova § 12-1.
- eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova kapittel 9A.
- ordensreglementet som gjeld på skolen, jf. opplæringslova § 2-9.
- vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1.

- samarbeid med heimen, jf. opplæringslova § 1-1, § 13-3d og § 3-9.
- skyss. Retten til skyss gjeld frå heimen og ikkje frå skolen, jf. § 7-1 første ledd i opplæringslova.
- ulukkesforsikring, jf. opplæringslova § 13-3b og kapittel 8 i forskrift til opplæringslova.